

# Bakgrunn - Ei kort bokbåtsoge 1959 - 2020

## Oppstart i Hordaland 1959 - 1963

Ideen om å opprette eit flytande bibliotek i Hordaland blei utvikla etter krigen. Retningsliner for tenesta vart vedtekne og stoppestadene valde ut i samarbeid med formannskapskontor og bibliotekstyrer. Med støtte frå Statens bibliotektilsyn, kom finansieringa på plass.

Båten som skulle nyttast, måtte gje rom for bibliotekverksemd, ha plass til mannskap og bibliotekarar, og vere sjødyktig og utrusta slik at ruta kunne haldast. Valet fall på "Abdulla", ein 62 fot lang kutter som hadde vore agentbåt for seljarar langs kysten. Den første turen var i september 1959. På stoppestadene var det ofte fullt av folk på kaien, og tenesta fekk stor lokal merksemd.

På halvannen månad vitja "Abdulla" 150 bygder, og det vart lånt ut 7000 bøker. Våren 1960 vart det andre toktet gjennomført, og i åra som følgde viste utlånstala jamn auke. Etterkvart ønskte ein å by på meir enn bøker. Studiemateriell vart delt ut og ein prøvde å organisere studieaktivitetar, men til filmframsyning, foredragsverksemd og forfattarkveldar var "Abdulla" for liten, og frå våren 1962 tok den 66 fot lange "Fjordguide" over. Det vart halde barnetimar, vist film og skodespelaren Erik Svendsen samla fulle hus med kveldsprogrammet sitt.

"Fjordguide" gjorde tre tokt som bokbåt, og hausten 1963 blei den nybygde MS "Epos" på 85 fot sett inn i drifta. Med "Epos" tok ein ny æra i bokbåten si historie til.

## Samarbeid på Vestlandet 1964 - 2015

Frå 1964 vart verksemda utvida til å dekkje Møre og Romsdal Sogn og Fjordane, og kulturprogramma vart faste innslag. Etter nokre år blei bokstamma delt, og drifta administrert frå fylkesbiblioteka i Ålesund, Førde og Bergen. Om lag 165 stader i dei tre fylka vart vitja to gonger i året. Dei tre fylka samarbeidde om leige av båten, først frå Svåsand-familien og seinare frå Vinnes Skyssbåtservice AS.

Tilbodet vart marknadsført som Vestlandet sitt flytande bibliotek. Fylkesbiblioteka sto ansvarleg for bokinnkjøp og utlån i kvar sine fylke og samarbeidde om felles nettside <http://www.bokbaten.no> med opplysningar om ruter og informasjon og om felles markeringar, td som i 2014 då ein markerte det 50 år lange samarbeidet mellom fylka. I dag er Facebook ein viktig informasjonskanal.

Fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane vedtok på budsjettmøte i desember 2014 å avvikle bokbåttene. Den siste turen i Sogn og Fjordane vart gjennomført 27.02 - 15.03. 2015.

## Samarbeid og drift 2015 - 2019

Hordaland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune inngjekk ny rammeavtale om bokbåttene for fylka med Vinnes skyssbåtservice AS frå 01.09.2015 - 31.08.2018. Våren 2018 vedtok dei to fylkesutvala å lengje avtalen om drift av bokbåten til 31.08.2019. Hausten 2019 vedtok fylkestinget i Møre og Romsdal å leggje ned bokbåttene i sitt fylke.

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok (19.03.2019) å lengje avtalen om drift av bokbåten i Hordaland til 31.12.2019, og hausten 2019 og våren 2020 har det berre vore bokbåt drift i Hordaland.

## Utvikling av tenesta

Tenesta er ein del av det samla bibliotek- og kulturtilbodet i fylka, og gjennom bokbåten har barn og vaksne i utkantstrok fått tilgang til det nasjonale biblioteknettverket. Tilbodet har etterkvart blitt modernisert og tilpassa eksisterande bibliotektilbod i kommunane og utvikling av moderne bibliotektenester.

Om ein ser på bokbåten i lys av biblioteks- og samfunnsutviklinga, har det vore nedgang i talet på stoppestader i løpet av 61 år. Det vart også ein liten nedgang i talet på anløp på 80-talet, då Sogn og Fjordane fylkeskommunen innførte ein eigendel for kommunane som deltok i bokbåtordninga. I Hordaland har interessa for tilbodet vore stabilt i mange år. Stopp blir nedlagt og nye vert etablerte

i takt med endringar i busetnad og skuletilbod. Det er godt besøk, høgt utlån og medieinteresse knytt til dei halvårlege turane.

### **Kulturprogram**

Sidan 1963 har bokbåten hatt eit fast tilbod om kulturprogram i tillegg til bokutlån. Tidlegare var det gjerne eit kveldsarrangement retta mot vaksne, og for ungane blei det synt korte filmar. Frå tidleg på 80-talet har bokbåten prioritert å tilby kulturprogram for barn, og berre profesjonelle utøvarar blir nytta. Som regel er det program der formidling av tekst blir presentert på ein lett og humoristisk måte. Ettersom bokbåten går til mindre stader, er tilbodet tilpassa store og små grupper, og både barnehageborn og litt større skuleungar.

Kulturprogramma i Hordaland har vore utforma i samarbeid med Den kulturelle skulesekken og i tillegg støtta av Hordaland folkeakademi. I seinare år har det med støtte frå Fritt Ord og Nasjonalbiblioteket vore mogleg å tilby nokre kulturarrangement for vaksne på kveldstid.

### **Drift i Hordaland**

I 2018 hadde bokbåten 42 driftsdagar og 50 stoppestader fordelt på 22 kommunar. Stoppa blir vitja to gonger i løpet av året. Utlånet var på vel 9 800, og 4 704 personar besøkte båten. I samarbeid med den Kulturelle skulesekken og Folkeakademiet i Hordaland var det barneprogram på dei fleste stoppa. På kvart stopp er det ein kontaktperson som set opp plakat om når båten kjem. Stoppet får låne eit «minibibliotek» på frå 250-400 bind. Desse blir utlånt mellom kvart besøk.

Hordaland fylkeskommune har hatt ein samarbeidsavtale med Lindås kommune om drift av tenesta. Arbeidet til Lindås er å organisere besøk på stoppestadar, kjøpe inn bøker og andre media, og dekke 50 % av personalressursane på turneane.

Bokbåten er ei mobil bibliotekteneste, men kan også sjåast som ein kulturinstitusjon langs kysten. Mediedekning har gjort tenesta kjent innan- og utanlands. I 2014 vart bokbåten nominert til prisen som Årets bibliotek i Noreg og i 2015 vart båten kåra til Årets bibliotek i Hordaland.